



Brønnøysundregistrene

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Andre inntekter		2 901	3 455
Sum skaffa middel		2 901	3 455
Brukte middel			
Annan driftskostnad		2 120	2 120
Sum brukte middel		2 120	2 120
Ordinært resultat før skattekostnad		781	1 335
Ordinært resultat etter skattekostnad		781	1 335
Årsresultat		781	1 335



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
EIGEDLAR			
Anleggsmiddel			
Sum anleggsmiddel		0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		329 419	329 888
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		329 419	329 888
Sum omløpsmiddel		329 419	329 888
SUM EIGEDLAR		329 419	329 888
FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD			
Føremålskapital			
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar			
Annan føremålskapital		329 419	329 888
Sum føremålskapital		329 419	329 888
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Sum kortsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD		329 419	329 888



Til styret i Ullensvang skule- og ungdomslegat

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert stiftinga Ullensvang skule- og ungdomslegat sitt årsrekneskap som syner eit overskot på kr. 781,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftinga sin finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslovas regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har overheldt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for informasjonen elles. Informasjon elles består av informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje informasjon elles, og vi attesterer ikkje den denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den informasjonen elles inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styrets og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Styret og leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, i det ligg at rekneskapen skal gi eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas regler og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som den finn nødvendig for å kunne utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftingas evne til vidare drift og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Forutsetninga om vidare

Hovudkontor: Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø
Avd.kontor: Miltzowgate 2, 5700 Voss
Org.nr. 925 841 153

Perneo Dokumentnøkkel: AIFUE-IXFOX-NG302-VENOE-0YEPD-0GLEO



drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen¹.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om vidare drift og forslaget til disponering av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funnet nødvendig i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftingas rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftingas formål og vedtektene elles. Det er ikkje gjennomført utdeling av midlar til føremålet i 2021.

Andre forhold

Formannskap i Ullensvang kommune utgjer styret i stiftinga og lovpålagt protokoll frå styrebehandling av saker i tråd med Stiftelseslova § 31, 5.ledd skal gå fram av protokoll frå formannskapet. Revisjonen har ikkje funne det dokumentert at det er gjennomført styremøter i år 2021, og derav at årsrekneskapen for år 2020 ikkje er formelt godkjent av styret i tråd med stiftelseslova. Syner til nærare omtale i årsmeldinga.

Voss, 14. juni 2022

Elin Bye

Statsautorisert revisor/oppdragsansvarleg

Elektronisk signert

¹ Linken under viser revisors oppgaver og plikter
<http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisors-oppgaver-og-plikter>



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-08-21 18:07:43 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: A1FUE-IXFOX-NG302-VEN0E-0YEPD-0GLEO

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



ÅRSMELDING 2021

FOR

ULLENSVANG SKULE- OG UNGDOMSLEGAT

Organisasjonsnummer 977 153 050

Statuttane for Ullensvang skule- og ungdomslegat vart sist endra ved vedtak i heradsstyret i møte den 04.10.1999 sak 62/99, godkjent av fylkesmannen ved brev dagsett 10.11.1999. Frå 2005 vart midlane i Endre Lussands legat overført til dette legatet, etter vedtak av fylkesmannen i Hordaland den 01.04.2005. Frå 2006 er dei kommunale fondsmidlane Reisæters tiltaksfond overført til legatet, etter vedtak i formannskapet / legatstyret den 02.05.2006.

Formannskapet, er etter statuttane legatstyre. Det har ikkje har vore styremøter i 2021. Leiar med samtykke frå legatstyret har godkjent rekneskapen for 2020.

Kapitalen i legatet var pr. 01.01. kr 329 888,02. Midlane har stått på bankkonto 3530.31.98839 Sparebanken Vest. Kapitalen har gitt ei avkastning på kr 2 901,00 tilsvarande gjennomsnittrente på om lag 0,88% p.a. I samsvar med vedtektene er 1/10 som utgjer kr 290,10 lagt til den urørlege kapitalen / grunnkapitalen.

Det vart i året ikkje utdelt stønad.

Kapitalen pr. 31.12. var på kr 329 419,02 som står på nemnde bankkonto i Sparebanken Vest.

Kapitalen er fordelt slik:

- Urørleg kapital / grunnkapital kr 314 777,33
- Fri kapital som kan nyttast i 2021 kr 14 641,69

Medlem i styret har i 2021 vore:

Roald Aga Haug (leiar)	Kjellaug H. Samland (nestleiar)
Kristin Elisabet Horne Moe	Terje Kollbotn
Lars O Seim	Erlend Nævdal Bolstad
Ingvild Hauso	Trygve Bolstad
Lajla-Margrethe Lindskog-Lund	

Godkjent i styremøte xx.06.2022



Notat 08.03.2022
Ullensvang kommune

NOTER TIL REKNESKAPEN 2021

ULLENSVANG SKULE OG UNGDOMSLEGAT Organisasjonsnummer 977 153 050

Det er ingen opplysningar som nemnt i rekneskapslova §§ 7-36 til 7-41 som trengst for å vurdera legatet sin stilling og resultat i året.

Obligatoriske opplysningar etter rekneskapslova:

Note 1, § 7-35 om rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak. Stiftinga har vidare fulgt relevante reglar i Norsk rekneskapsstandard utarbeida av Norsk rekneskapsstifting.

Omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og pårekna verkeleg verdi.

Inntektsføringa skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vera leveringstidspunkt for varer og tenester. Kostnader er medtekne etter samanstillingsprinsippet, der kostnader vert tekne med i same periode som tilhøyrande inntekter ved inntektsføring.

Note 2, § 7-42 om aksjar.

Organisasjonen er eit legat, og har følgjeleg ingen aksjar eller aksjeeigarar.

Note 3, § 7-43 om tal tilsette.

Legatet har ingen tilsette. Arbeidet med å administrera legatet vert utført av Ullensvang kommune (kommune nr. 4618) utan godtgjersle. Styreleiar Roald Aga Haug er ansvarleg for føring av rekneskapen, også det utan godtgjersle. Det er ikkje registrert kor mange arbeidstimar som har gått med til dette arbeidet.

Note 4, § 7-44 om ytingar til leiande personar m.v.

Det er ikkje utbetalt nokon godtgjersler eller ytingar til personar som nemnt i denne paragrafen i lova, og legatet har heller ikkje nokon forpliktingar som omhandla i paragrafen. Revisjon er utført av den interkommunale revisjonen Vestlandsrevisjon (tidlegare Indre Hordaland Revisjonsdistrikt). Godtgjersle for revisjon er betalt med kr 1 250,- inkl. mva.

Note 5, § 7-45 om lån.

Legatet har ikkje lån eller garantiar til nokon personar eller aksjeeigarar som nemnt i denne paragrafen i lova.